

Jan Thore Ellingsen  
Gamle Prestavegen 11  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5287 - 22/75103

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
30.09.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 108/514 Lindås**

Tiltak: riving av mur og oppsetting av ny  
Byggjestad: Gbnr: 108/514  
Tiltakshavar: Jan Thore Ellingsen  
Ansvarleg søker: Multi Projekt Team As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.06.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

#### **1. Avstand til nabogrenser manglar**


Du må føre på avstandane frå det nye tiltaket til naboeigedom med gbnr.108/525.

#### **2. Snitteikningane er mangelfulle**

Innhaldet i teikningane er mangelfullt. Du må sende inn ny snitteikning som viser høgda til muren på alle punkt.

#### **3. Dispensasjon frå byggegrense**

Gjeldande plan har føresegner om byggegrense. Heile tiltaket skal ligga innanfor regulert byggegrenser med mindre gjeldande plan har andre føresegner. Det ser ut som om at skissert tiltak er i strid med regulert byggegrense. Sjå stripla linje mot veg:



Dersom tiltak er i strid med byggegrense, må søknad supplerast med dispensasjon frå byggegrense.

Plan og bygningslovens § 19-2 gir føringar for kva omsyn som må vurderast i ein dispensasjonsvurdering. Bestemmelsen seie blant anna:

«Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispensereres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt.»

I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samla vurdering.

Søknad om dispensasjon skal nabovarslas. Nytt varsel må sendes ut, og du må sende inn ny kvittering for nabovarsling når dette er gjort.

For meir informasjon om nabovarsling, sjå her: <https://dibk.no/nabovarsel>

Vi gjere for ordens skuld merksam på at det ikkje kan gis dispensasjon frå saksbehandlingsreglene (SAK10).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **16.11.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

## GENERELL INFORMASJON

### Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jan Thore Ellingsen  
Multi Prosjekt Team As

Gamle Prestavegen 11      5955      LINDÅS  
Postboks 203, Løvås      5865      BERGEN